

Stolt symbol treng restaurering

22.07.2009



Tor H. Myklebust: - Fundamentet treng utskifting. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalens eigen kunstnar Tor H. Myklebust er 86, men held koken. No er han oppteken av at det fine båthamn-symbolet som han laga i 1995 blir restaurert snarast. Det bør aller helst skje denne sommaren, held han fram.
Symbolet - eller emblemet om ein vil - står i enden av moloen og ønskjer fjordfararane velkommen til Uskedalen.**

Det er sjølvsagt ingen fare med ståldelane som til dømes seglet forma som ein B. Desse delane vart smidd i Eidsvik Skipsbyggeri.

Båten under er trykkimpregnert og heller ikkje øydelagt av tidas tann.

Då er det verre med fundamentet, som opprinneleg var ein solid tømmerstokk men som no har rotna innvendig. Det fortel resonnsansen når ein knakkar på han. Det kan ikkje vera tvil om at det hastar med å skifta ut stokken.

Tor kan forresten melda at kunstverket hans i båthamna er kopiert i ein spansk by av ein person som tydelegvis likte det vedkommande såg i Uskedalen. Men Tor aktar ikkje å melda kunstnaren for plagiat.

Nokon har også kopiert hesten utanfor hytta hans utan at han gjer noko med det. Forstår vi han rett, kjenner han seg snarare smigra over at kunstverka hans slår an både hos den eine og den andre.

Eit tredje døme på det er forresten fjellprofilane som pryder uskedalen.no og som også er å finna i Aktivitetshuset.

Av Ola Matti Mathisen